



Refleks reddar liv. Dette er Hobbyklubben for eitt år sidan (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hobbyklubben i Bedehuset starter ny sesong mandag 9. januar til vanleg tid - klokka 19. Det var ein god sesong før jul, med oppslutnad av mellom 20 og 30 kvar gong og no gjeld det å fylgja opp, Det er i alle høve eit breitt aktivitetstilbod.

- * Det blir hobbygruppe der ymse ting vil bli laga
- * Det blir elektronikk der ein vil lære å lodda og byggja elektroniske spel
- * Det blir avisgruppe der det skal skrivast og produserast nye nummer av Uskedalsposten.
- * Det blir bilgruppe der vi køyrer med radiostyrte bilar når veret er bra.
- * Det blir ein nyheit: Vi har kjøptein Lego Robor som vi skal byggja og programmara ymse oppgåver.

Elles på programmet står to miljøkveldar med felles program for alle.

Allereie første kvelden startar vi nyttårslotteri med premier som kaffemaskin, kamera, GPS for bil, DVDspelar og boka om hjorten.

Og så er vi like flinke til å bruka refleks som før!

**Velkommen
til Hobbyklubben**